



Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune
IKA Rogaland

Dykkar ref.
«REF»

Vår ref.
2011/23216 SIGGRA

Dato
15.11.2011

Bygningsfaglege rapportar om arkivlokale

Riksarkivaren sende 2.7.2010 ut eit rundskriv til alle kommunane og fylkeskommunane der det blei opplyst at kommunane innan utgangen av 2011 skal levera bygningsfaglege rapportar for lokale som inneheld eldre og avslutta arkiv. Statsarkivet i Stavanger minner med dette om fristen for å senda inn den bygningsfaglege rapporten. Det har kome opp somme spørsmål knytt til rapporteringa, og nedanfor gir vi derfor somme presiseringar:

- Kommunar og fylkeskommunar skal innan utgangen av 2011 senda inn bygningsfagleg tilstandsrapport for **alle lokale** der det finst **eldre og avslutta arkiv**.
 - **Eldre arkiv** er arkivmateriale som er eldre enn 25-30 år og som ikkje lenger er i jamleg bruk for administrative føremål. Dette arkivmateriale skal då overførast til eit arkivdepot, med mindre kommunen/fylkeskommunen har gjort konkret vedtak om noko anna og at det ikkje går ut over tryggleiken til materialet, jf. arkivforskrifta § 5-2
 - **Avslutta arkiv** er arkiv etter nedlagde kommunale organ, sjå arkivforskrifta § 5-3.
- Arkivforskrifta inneheld fleire krav til ei depotordning, men denne rapporteringa skal berre gjelda arkivlokale.
- Rapportane skal vera utarbeidde med **bygningsfagleg kompetanse**, som kan vera ein takstmann eller teknisk etat i kommunen. Rapporten skal klargjera korleis lokalet tilfredsstiller krava i arkivforskrifta kapittel IV. Eit hjelpeskjema finst på heimesidene til Arkivverket:
<http://www.arkivverket.no>.
- Permanente depotlokale skal oppfylle krava til **spesialrom for eldre og avslutta arkiv**. Lokale som blir nytta mellombels medan ein ventar på

overføring av arkivmaterialet til permanent depot må fylle kravet til **spesialrom for bortsetningsarkiv**, jf. mellom anna arkivforskrifta § 4-7.2.

- Alle bygningsfaglege rapportar skal ha som vedlegg opplysningar om kva for **tiltak** kommunane har sett i verk eller vil setja i verk for å utbetra eventuelle manglar som går fram av rapportane. Det er opp til kommunane om dei vil utbetra eksisterande arkivlokale eller flytta materialet til lokale som alt tilfredsstillar krava som er sett i arkivforskrifta.

Rapporteringsplikta gjeld **alle lokale som inneheld eldre og/eller avslutta arkiv mellombels eller permanent pr 1.1.2012**, om dei finst i kommunar, fylkeskommunen eller IKA Rogaland.

Det inneber at:

- IKA Rogaland må senda inn oversyn over kva for kommunar som pr 1.1.2012 har depotavtale med den interkommunale arkivinstitusjonen. Vi vil gjerne også ha oversyn over kor mykje arkivmateriale kvar enkelt kommune har overført til det felles arkivdepotet.
- Kommunar som ikkje har depotavtale med IKA Rogaland må senda inn bygningsfagleg rapport for lokale der det blir oppbevart eldre og avslutta arkiv. Dei lokala må tilfredsstillar krava til spesialrom for eldre og avslutta arkiv. Det betyr m.a. at brannmotstandsevna i bygningsdelane må vera REI 120, jf. arkivforskrifta § 4-7.2.
- For kommunar som har depotavtale med IKA Rogaland gjeld følgjande:
 - Avtalekommunar som 1.1.2012 har overført **alle** eldre og avslutta arkiv til IKA Rogaland skal senda melding til statsarkivet om det.
 - Avtalekommunar som 1.1.2012 ikkje har overført alle eldre og avslutta arkiv til IKA Rogaland, skal senda inn ein bygningsfagleg rapport for dei lokala som inneheld slike arkiv fram til overføring skjer. Dei lokala må tilfredsstillar krava til spesialrom for bortsetningsarkiv. Det betyr m.a. at brannmotstandsevna i bygningsdelane må vera REI 60 jf. arkivforskrifta § 4-7.2.

Riksarkivaren har laga ei rettleiing om krav til arkivlokale. Den kan truleg vera til hjelp ved utarbeiding av bygningsfagleg rapport. Sjå

<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Offentlig-forvaltning/Arkivering/Arkivlokaler>.

Med helsing

Sigve Gramstad
statsarkivar